

Møtebok FR 15. des 2021

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 15. des kl. 17:00
Møtestad: Kyrjekontoret
Opningsord: Jørgen

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Marit Stalheim Grimstad (Nysæter), Kirsti Frugård (2. vara Stord), Jørgen Knudsen (geisteleg representant), Reidun Andersen (sakshandsamar) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar)

FRÅVER: Nils Dale Elde (Stord), Øyvind Kyvik (kommunal representant). Anders Dahl (1.vara Stord)

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2021/42 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2021/43 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 04. nov 2021.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2021/44 131 Økonomirapport pr. 30.11.2021.

Vedtak:

Rekneskapsrapporten pr. 30.11.2021 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2021/45 002.32 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2022.

Vedtak:

Dag Sele er valgt til leiar i Stord kyrkjelege fellesråd for 2022.

Marit Stalheim Grimstad er valgt til nestleiar for Stord kyrkjelege fellesråd for 2022.

Samrøysta vedteke.

2021/46 153 Kremasjonstilskot og fordeling til pårørende 2022.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd refunderer kr. 2.570, - av kostnadane til pårørende pr. kremasjon.

Samrøysta vedteke.

2021/47 020 Møteplan 1.halvår 2022.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande møteplan for 1. halvår 2022:

AU: Tirsdag 27. januar kl. 16:00 FR: Tirsdag 10. februar kl. 17.00

AU: Mandag 04. april kl. 16:00 FR: Onsdag 20. april kl. 17.00

AU: Onsdag 01. juni kl. 16:00 FR: Onsdag 15. juni kl. 17.00

Samrøysta vedteke.

2021/48 273 Endring av dato for DØGNET 2022

Vedtak:

Pga. ein uavklart covid-19 situasjon vedtek Stord kyrkjelege fellesråd å avlysa Døgnet 2022, fredag 7.-laurdag 8. januar 2022 i Haugesund.

Fellesrådet ber kyrkjeverja komma med framlegg til nytt DØGNET 2022 og tek sikte på å handsama dette på februar-møtet 2022.

Samrøysta vedteke.


Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Nils
 - Gjennomgang av trusopplæringsaktivitetane (TOL) med tanke på TOL-plan.
 - Det blir gjort mykje godt arbeid i utvala.
 - Det er inspirerende å vera med i soknerådet.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Marit & Jens Arne
 - Marta Kristin Valvatne er ny leiar i Nysæter sokneråd. Oddbjørg Løkling held fram som nestleiar.
 - Tormod Stautland er leiar i den nye lyd/lys-gruppa. Midlar frå basaren skal nyttast til nytt anlegg.
 - Treng fleire klokkarar og kyrkjevertar.
 - Jubileumsgudstenesta er utsett på covid-19 restriksjonane.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Situasjonen er prega av avlysingar og utsetjingar av arrangement.
 - Vil halda fram med "pizza og quiz" – konseptet.
 - Det blir jobba med å få på plass eit varmestyringssystem.
 - Åshild Oma Sele er nyttilsett, ulønna husmor.

- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - Diakonmedarbeidarstillinga.
- Nytt frå gravplassane.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 15. des. 2021
For Stord kyrkjelege fellesråd



Dag Sele
Leiar

Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Neste møte i fellesrådet er
tirsdag 10. februar 2022 kl. 17:00